



Velkommen til Ungdommens kyrkjemøte 2013

Du er registrert som delegat, gjest eller medarbeidar til Ungdommens kyrkjemøte 2013 (UKM). Du er hjarteleg velkommen til spennande dagar saman med ungdommar frå heile landet, og til å drøfte viktige saker som gjeld ungdom og kyrkja.

UKM varer frå **fredag 4.oktober kl. 17.45 til tysdag 8.oktober kl. 14.30.**

Vi skal vere i Bjørgvin bispedømme, i Bergen by – og vi har base på Hotell Terminus.

Temaet for årets UKM er Dialog.

Opningsmøtet startar 4.oktober kl.17.45, og dit er det også invitert gjestar. Etter opningsmøtet blir det servert middag på hotellet for delegatar og gjestar, før vi går til Nykirken og feirar gudsteneste saman.

Frammøte og reise til/frå UKM

Registreringa startar fredag 4.oktober frå kl. 16.00.

Du kan reise til Bergen enten med tog, fly eller buss. Hotell Terminus ligg rett ved tog stasjonen i Bergen sentrum og ekspressbussane til Bergen stopper i nærleiken. Om du tar fly så er det enkelt å finne fram frå fleire haldeplassar i Bergen sentrum.

Avreise skjer tysdag 2.oktober kl. 14.30.

Saker til Ungdommens kyrkjemøte

I denne sendinga finn du årets program og sakspapir. Sakspapira er òg lagt ut på kyrkja.no under fana "Besluttende organer/Ungdommens kirkemøte". Dei kan lastast ned om du ønskjer å ha dei tilgjengelege på maskin.

Sakene blir fordelt på komitear. Sakene som skal handsamast i komiteane er dei frå UKM 04/12 til UKM 09/12. For at vi skal kunne sette saman gode komitear til dei ulike sakene, er det ein fordel for oss å vite kva saker du er mest engasjert i eller har lyst til å arbeide med.

Vi ber om at du melder frå om kva sak du vil være med og handsame i komité. **Du melder frå om det til rla@kyrkja.no innan 20. september** (husk å skrive kva du heiter). Vi kan diverre ikkje garantere at alle kommer i den komiteen dei ber om, sidan vi må fordele delegatane jamt på komiteane. Men alle delegatar er sjølvstøtt med og handsamar alle saker i plenum.

Vi ber deg vere godt førebudd på sakene, og aller helst drøfte sakene saman med ungdomsrådet, organisasjonen du representerer eller andre ungdommar i den samanhengen du kjem ifrå. I komiteen legg alle fram sine synspunkt, tankar og kommentarar til den



aktuelle saken. I år, som i fjor, vil vi ha ein «Kaférunde», der alle komiteane får ein rask orientering om dei andre komiteane sine saker og kan gi innspel og refleksjonar som komiteen kan bruke i sitt arbeid.

I tillegg til sakspapira finn du óg vedlagt:

- Brosjyre om ungdomsdemokratiet i Den norske kyrkje.
- Ei rettleiing om korleis ei sak blir handsama på UKM. *(For deg som er delegat er det viktig å lese gjennom rettleiinga.)*

Praktisk informasjon

- Når det gjeld overnatting, så blir det på tremanns- eller tomannsrom med oppreidd seng
- Om du treng spesiell tilrettelegging, må du snarast melde frå til rla@kyrkja.no
- Har du matallergiar? Meld ifrå så fort som mogeleg (same adresse).
- Om du tenkjer at du vil ut på tur og lufte hovudet, er det viktig at du tar med klede til å være ute i og gjerne gode sko. (I Bergen tyder det kanskje regnjakke...)
- Førebels protokoll frå Ungdommens kyrkjemøte blir lagt ut på kyrkja.no under "Besluttende organer" /Ungdommens kirkemøte med ein gong etter møtet. Endeleg protokoll blir lagt ut i slutten av oktober og sendt elektronisk til bispedømmekontora og organisasjonane, samt andre relevante mottakarar.

Dersom noe er uklart, eller du har spørsmål, kontakt ungdomsrådgjevar i Kyrkerådet, Randi Langkaas, anten på e-post: rla@kyrkja.no eller på telefon 23 08 12 92 eller 97170039.

Velkommen til UKM 2013 og Bjørgvin bispedømme!

Med venleg helsing

Paul Erik Wirgenes
direktør, Avdeling for kyrkjelydsutvikling

Randi Langkaas
ungdomsrådgjevar